

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.11.2023

Vår ref.: 202310307-7 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Novå AS - Høyring av søknad om Sokn solkraftverk - Stavanger kommune, Rogaland fylke

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har mottatt søknad og konsekvensutgreiing frå Novå AS om Sokn solkraftverk i Stavanger kommune, Rogaland fylke.

Søknaden blir med dette sendt på høyring. Høyringsfrist er sett til 18. desember 2023.

Søknaden

Novå AS søker i medhald av energilova § 3-1 for å bygge, eige og drive eit solkraftverk. Solkraftverket er planlagt på Sokn i Stavanger kommune med ein installert effekt på 15 MWp. Planområdet er på om lag 215 dekar og består i dag av ein kombinasjon av innmarksbeite og fulldyrka mark. Det er planlagt at solkraftverket skal drivast i kombinasjon med innmarksbeite for sau. Solkraftverket vil vere inngjerda.

Søknaden med konsekvensutgreiing er tilgjengeleg på nettsida til NVE for denne saka: www.nve.no/16115/A8.

Invitasjon til offentlig møte og synfaring onsdag 15. november

NVE arrangerer offentlig møte om saka onsdag 15. november 2023 kl. 18.00. Møtet vil ta sted på Sokn camping med adresse Åmøyveien 69, 4158 Bru. NVE vil orientere om behandling av søknaden og Novå AS vil orientere om planane sine. Møtet er ope for alle.

Tidlegare same dag vil NVE også invitere til synfaring av planområdet. Oppmøtet blir ved Sokn bussterminal kl. 14.30. Synfaringa er open for alle.

Invitasjon til møte med kommunale og regionale styresmakter onsdag 15. november

NVE vil halde eit eige orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter i Stavanger konserthus kl. 12.00. Vi håper på brei deltaking frå politisk og administrativ leiing i kommunen, i tillegg til representantar for det faste utvalet for plansaker. Representantar frå Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune er også inviterte. NVE vil orientere om handlinga av søknaden og Novå AS vil orientere om planane sine.



Høyringsinnspel

I samband med høyringa av søknad med konsekvensutgreiing ønsker NVE innspel på følgande:

- Kva meiner de om Novå AS sine planar?
- Er konsekvensane godt nok utgreia?
- Forslag til justeringar av planane for å redusere eventuelle negative verknader av tiltaket

De kan senda innspel på følgande måtar:

- via skjema for innspel som de finn på ovannemnde nettstad til denne saka
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høringsuttalelse 202310307» i emnefeltet og oppgi namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)

Frist for å sende høyringsinnspel til NVE er **18. desember 2023**.

Informasjon til kommunen

Vi ber om at Stavanger kommune legg ut søknaden til offentlig ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa, synfaringa og det offentlege møtet i aktuelle aviser og Norsk lysingsblad. Vi ber også kommunen om å legge søknaden og informasjon om møte ut på sine internettsider og i ev. andre informasjonskanalar, og å orientere ev. utegløynde lokale velforeiningar, idrettslag, idrettsorganisasjonar med fleire om søknaden.

Informasjon til tiltakshavar

NVE ber Novå om å snarast orientere naboar og gjenbuarar om dette høyringsbrevet. Med naboar meiner vi eigedomar som har felles grense med tomta som skal byggast ut. Med gjenbuar meiner vi eigedom kor veg, gate, elv eller liknande ligg imellom. NVE ønsker stadfesting på at utsendinga til naboar og gjenbuarar er gjennomført.

Vi gjer merksam på at utgiftene ved kunngjering og møte i forbindelse med søknaden berast av tiltakshavar, jf plan- og bygningslova § 14-5.

Med helsing

Jørgen Kocbach Bølling
seniorrådgivar

Jo Arne Marvik
førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

**Mottakarliste:**

Sokn Camping
Vestre Åmøy Velforening - Jakob Hegreberg
STATENS VEGVESEN
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
Norges Bondelag
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
Meteorologisk institutt
FORNYBAR NORGE (tidl. Energi Norge)
NORGES NATURVERNFORBUND
Forsvarsbygg
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)
Norges Miljøvernforbund
Olje- og energidepartementet
Nasjonal kommunikasjonsmyndighet
Birdlife Norge
Luftfartstilsynet
Norskog
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Avinor AS
Mattilsynet
NHO Reiseliv
Zero Emission Resource Organisation AS
Norges Skogeierforbund
Norsk solenergiforening
Rogaland Bondelag
Landbruksdirektoratet
Norges Televisjon AS
Norsk Friluftsliv
Norges bonde- og småbrukarlag - Rogaland
RENNESØY BONDELAG
STAVANGER KOMMUNE
OFFSHORE NORGE AS

Kopimottakarliste:

NOVÅ AS